

EØS – Noregs lagnad

■ Her kjem eit pragmatisk forsvar for EØS. Det er ein uvand og ny posisjon, men vi har passert Rubicon. Etter tjue år med EØS-avtalen er det i dag berre to reelle alternativ: full medlemskap eller framhald av EØS. Ein handelsavtale er ikkje lenger realistisk. Vi er så innvovne i EØS og EU at det vil kosta altfor mykje å gå ut av avtalen no.

■ På den andre sida er medlemskap òg uaktuelt. Folkefleirtalet er enkelt og greitt imot. Jamvel Høgre-folk vegrar seg. Då står vi altså att med EØS – som er utskjelt av nesten alle. Men etter to nei-røystingar og eit EU som ikkje får det til, er EØS Noregs lagnad.

■ Kva så med det demokratiske underskotet som EØS-avtalen skaper? Det er den store utfordringa. Vi står utanfor avgjerdsprosessane som dikterer mykje av den norske lovgjevinga. Stillinga til Stortinget er dimed svekt. Og som den nye Europautgreiinga påpeikar, er den norske EU-tilknyttinga tilsrørende – det er vanskeleg å få oversikt over heilskapen, einskildsakene vert avpolitisererte, og kunnskapen om sakene er mangelfull.

■ Men heller ikkje EU-medlemskap er ei automatisk styrking av demokratiet. Ein av våre fremste demokratikjenningar, den amerikanske statsvitaren Robert A. Dahl, er kritisk til EU nettopp av demokratiårsaker: Eit kontinent med så mange språk kan ikkje etablere eit forsvarleg demokratisk ordskifte.

■ Og som Europautgreiinga påpeikar: EØS-avtalen er friviljug, inngått etter demokratiske prosedyrar med samtykke frå Stortinget og gjev Noreg rett til å reservera seg mot nye lover.

■ Det siste vert her viktig om EØS skal kunna forsvarast framover. Vi må koma opp med ordningar som gjer det vanskelegare å vedta nye EØS-lover. Og det må verta meir legitimt å hevda norske interesser og i større grad ta i bruk reservasjonsretten. Noreg treng ikkje vera smålatne i møte med EU. Vi er ei energistormakt, har verdas sterkaste statsfinansar, større BNP enn Sverige og er EUs femte største handelspartner.

■ Ein slik aktiv EØS-politikk vil ikkje minst vera viktig for å auka interessa og halda i hevd den heilt naudsynte debatten om Noreg, EØS og EU i dette landet.

SVEIN GJERDÅKER

DAG OG TID

Ansvarleg redaktør:

SVEIN GJERDÅKER
svein@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 29

Redaksjon:

ROALD HELGHEIM
roald@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 28

JON HUSTAD
jon@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 25

AGNES RAVATN
agnes@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 27

PER ANDERS TODAL
peranders@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 24

Desk:

JOHAN BROX
johan@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 30

VEGARD STORSUL OPDAHL
vegard@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 30

Redaksjonssekretær:

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 26

Grafikar:

NINA LYKKE
nlykke@online.no

Korrekturlesar:

KLAUS JOHAN MYRVOLL
klaus@dagogtid.no

Marknads- og kontorsjef:

OLA RELLING
ola@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 22

Tingarkontakt:

KJELL ARVE STRAUMSVÅG
tinging@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 47

Telefon: 21 50 47 47 Faks: 21 50 47 49

E-post: redaksjonen@dagogtid.no Internett: www.dagogtid.no

Gateadresse: Pilestredet 8, Oslo Postadresse: Postboks 7044 St. Olavs pl., 0130 OSLO

Putinistan for fall

Tjue år etter samanbrotet til Sovjetunionen går det for ein gongs skuld mot eit interessant presidentval i Russland. Ikkje spanande, men interessant.



ERIKA FATLAND

Kommentar

For mange i Vesten har det vore vanskeleg å forstå Putins popularitet i heimlandet. Men etter kaoset på 90-talet med den ustabile og drikkfeldige Boris Jeltsin ved roret kunne det ikkje verte så mykje verre. Då edruelege og sportslege Vladimir Putin steig ut frå dei grå rekkjene, var russarane snare med å trykkje han til brystet. Han kunne tilby økonomisk vekst (mykje takka vere høgare råvareprisar), kamp mot oligarkane (det vil seie dei av dei som ikkje heldt seg inne med han), betra sosiale kår (folk skulle få løn og pensjon i tide) og ein kort og sigerrik krig i Nord-Kaukasus (som så ofte er med slike kriger, vart han korkje kort eller særleg sigerrik). I tillegg sørgde han for å få kontroll over TV-selskapa og fekk dermed kontroll over sitt eige image.

DIKTATORLOGIKK

I mange år fekk dette imaget stå nesten uimotsagt. Sjølv utan valfusk ville Putin ha vunne 2006-vallet med suveren margin. Dei fleste russarar eg snakka med midt på 2000-talet, hadde eit pragmatisk syn på politikken:

– Det er bra Putin vart vald på nytt. Han er rik, han har alt kara til seg det han treng. Ein ny president ville berre byrja stelinga heilt på nytt, argumenterte ei eldre kvinne eg snakka med.

Visst møtte eg russarar som ikkje var heilt nøgde med Putin. Nokre meinte at han ikkje var autoritær nok:

– Russland treng ein sterk

leiar, lydte argumentet. – Russland er ikkje som Vesten. Me treng ikkje demokrati, me treng stabilitet!

Same argumentet har vel vorte brukt av dei fleste diktatorar opp gjennom tidene.

BLOGGARGENERASJONEN

Dei folkelege protestane etter parlamentsvalet i desember må ha kome bakpå Putin. Han reagerte slik han alltid har gjort i slike situasjonar: med skuldingar og hån. Han skulda demonstrantane for å vere betalte av utlandsk etterretning (les: ameri-

i dei arabiske landa har protestane i stor grad sprunge ut frå og vorte organiserte gjennom verdsveven. Advokaten og bloggaren Aleksej Navalnyj, 35, som i fleire år har drive ei anti-korrupsjonsside på internett, vart raskt føregangsfigur for demonstrantane. Då han vart arrestert i byrjinga av desember og måtte sitje to veker i fengsel, vart han berre endå meir populær.

Navalnyj er, fortel han i eit intervju med Time Magazine, først og fremst driven av eit hat mot leiarane i landet. «Eg hatar dei med kvar fiber i kroppen», utdjupa han.

Det er eit hat som mange openbert deler.

IKKJE TID TIL VALKAMP

– Me kjem attende! song demonstrantane i det folkemengda sakte løyste seg opp etter den største demonstrasjonen så langt, den 24. desember.

No er juleferien over, òg i Russland. Det har vore ein usedvanleg mild vinter så langt, men det går ikkje mot russisk vår riktig enno. Så langt har tre guvernørar fått fyken etter parlamentsvalet. Denne veka var turen komen til Anatolij Brovko, guvernør i Volgograd-regionen. Der fekk Sameinte Russland, Putins parti, berre 36 prosent oppslutning – litt over det ein meiner dei ville ha fått utan valfusk, samla sett.

4. mars er det presidentval. Nyleg uttala Putin at han, som statsminister, er «for travel» til å stille til debatt med motkandidatane sine. Det står att å sjå kor lenge den nye generasjonen russarar vil la han sleppe unna med denne handlinga. Ting kan tyde på at neste presidentval vil verte både interessant og spanande.

Erika Fatland er sosialantropolog og forfattar.

Putin har vorte gamal.

Eller: Folket har vorte eldre.

kansk), og lurde på kvifor dei gjekk med kondom på brystet. (Som symbol på protestane har demonstrantane gått med ei lita, kvit sløyfe på brystet.) Kort tid etter denne fråsegna dukka det opp portrett av statsministeren rama inn av eit kjempekondom.

KVA HAR SKJEDD?

Putin har vorte gamal. Eller sagt på ein annan måte: Folket har vorte eldre. Dei fleste av demonstrantane er unge, frå middelklassen. For dei er Sovjetunionen noko dei har lese om i skulebøkene. For dei er det ikkje innlysande at russisk demokrati skal fungere på andre premisser enn i andre land.

Halvparten av alle russarar har no tilgang til internett. Som



For unge russarar som ikkje har opplevd sovjettida, er det ikkje innlysande at russisk demokrati skal fungere på andre premisser enn i andre land, skriv Erika Fatland. Foto: Scanpix